



Informasjonsskriv til føresette om nytt administrativt system for barnehage

1. januar 2026 vil Alver kommune skifte ut Vigilo barnehage med **Visma Flyt Barnehage** som sitt administrative system for barnehage. Dette betyr at frå og med nyttår får føresette i kommunen eit nytt system til å: søkje om/seie opp barnehageplass, søkje om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid, med meir.

Har barnet ditt allereie fått tidelt ein plass i barnehagen? Flott! Då blir barnet ditt automatisk lagt til i det nye systemet – du treng ikkje å søke på nytt.

Har de sendt inn søknad om barnehageplass i Vigilo, men ikkje fått svar på søknaden endå? Då må de sende inn ny søknad i Visma Flyt Barnehage etter 1. januar, ved å logge inn her:

<https://foresatt.visma.no/alver>


Den nye føresettportalen – Visma Føresettportal

I Føresettportalen kan føresette:

- søkje barnehageplass (ny plass, endre plass storleik, overføring)
- sjå informasjon om barnet sitt opphald
- seie opp barnehageplass
- søkje om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid

Du finn føresettportalen på <https://foresatt.visma.no/alver>.

Du loggar inn med elektronisk ID via ID-porten.



Her finn du meir rettleiing til bruk av føresettprotalen: [Temahefte Foresattportal](#)

Frist for søknad til hovudopptaket med plass frå barnehageåret 2026/2027 er 1. mars 2026. Sjå informasjon om opptaket på kommunen si heimeside.

Dersom du har behov for hjelp kan du vende deg til leiinga i din barnehage.

Lukke til!

Med venleg helsing
Alver kommune